

## Nær folk i heile Bjørnafjorden kommune

### Program for Bjørnafjorden Senterparti perioden 2023 -2027

Gode innbyggjar - me vil gjerne få vera dine tillitsvalde!

I tråd med verdiane våre: likeverd, respekt og vere løysningsorienterte tilpassa lokale behov.

Vi vil arbeide for at Bjørnafjorden skal utviklast som ein kommune der:

- Gode oppvekst- og bumiljø er grunnlaget for samfunnsutvikling med gode og likeverdige tjenester i heile kommunen
- Vi vil oppretthalda den desentraliserte barnehage- og skulestrukturen
- Vi har balansert og nøktern styring av kommuneøkonomien
- Kommunen som arbeidsgjevar tek vare på tenesteytarane. Dei tilsette skal ha ryddige arbeidsordningar med heiltidskultur og føreseielege arbeidsforhold
- Bemanningssentralen vert utvida til å også å gjelde basistenesene barnehage, skule, helse og omsorg
- Ein har fokus på levande bygder og nærsenter i heile kommunen, og vil samstundes støtta opp under regionsenteret Osøyro og kommunedelsenteret Eikelandsosen
- Innbyggjarane må involverast i alle viktige utviklings- og planprosessar
- Våre folkevalde er ombodsmenn og -kvinner for innbyggjarane – og samhandlar med innbyggjarane for å sikra best mogleg tenester og tilbod.
- Innbyggjarane kjenner seg sett, inkluderte og respekterte
- Det vert lagt til rette for eit allsidig og sterkt næringsliv
- Kommunen skal tilby fleksible arbeidsordningar for innbyggjarar som har vanskar med å vere i ordinært arbeidsliv.
- Vi sikrar ein god dialog mellom kommunen og grendelag og/eller frivillige organisasjonar, m.a. i form av faste møtepunkt, slik kan vi hjelpe gode tiltak i gang.
- Vi satsar på primærnæringane



## **OPPVEKST OG UNDERVISNING**

Å gje barn gode, trygge oppvekstvilkår er ei av dei viktigaste investeringane me som samfunn kan gjera.

Gode barnehagar og skular er viktige bidragsytara for å gje borna eit godt utgangspunkt for livet som ventar.

Ein desentralisert skule- og barnehagestruktur er bra for borna og bygdene

Senterpartiet vil arbeide for:

- Oppretthalda ein desentralisert skule- og barnehagestruktur
- Eit godt pedagogisk tilbod og gode læringsmiljø
- Tidleg innsats både i skule og barnehage
- God overgang frå barnehage – barneskule - ungdomsskule
- Styrkja arbeidet mot utanforskap og mobbing, ved å satse på MOT, o.l
- Stimulere til meir leik, trivsel og utforsking med naturen som klasserom
- Vi ynsker ein skule som tar i bruk nærmiljø og lokal kultur med en praktisk tilnærming til faga, gjerne i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Nytte arbeidslivsfaget i ungdomsskulen til å knytta tettare band til yrkesretta linjer på vidaregåande skule og til næringsliv
- Oppretthalda økonomisk støtte Bjørnafjorden utdanningsmesse
- Innføra skulefrukt eller skulemåltid

## **ØKONOMI**

Ein balansert økonomi er avgjerande for at kvalitet og tilbod til innbyggjarane er god innanfor alle sektorar. *Slik den økonomiske stoda i kommunen er no, lyt ein balansera tenestenivået opp mot inntektene.*

Senterpartiet vil arbeide for å:

- Oppretthalda eit godt, desentralisert tenestetilbod
- Vurdere ulike tiltak for å auka kommunen sine inntekter og halda kontroll på utgiftene.
- Dersom det er naudsynt for å oppretthalde eit desentralisert tenestetilbod, vil vi vurdere eigedomsskatt, men med eit med høgt botnfrådrag.
- Bærekraftig og nøktern investeringsstrategi



## **HELSE OG OMSORG**

Fysiske og psykiske vanskar kan råke menneske i alle aldrar. Då skal kommunen gje tryggleik og yte dei lovpålagte tenestene det er trong for, til rett tid og av god kvalitet. Kommunen skal yte likeverdige tenester overfor alle innbyggjarar, same kvar dei bur i kommunen

Senterpartiet vil arbeide for:

- Døgnope legevakttilbod på begge sider av fjorden
- Oppretthalde ØHD (øyeblikkeleg hjelp døgnopphold) både på Luranetunet og Fusa bu- og behandlingssenter
- Avlastningsplassar for demente og et differensiert dagtilbod, td «Inn på Tunet».
- At eldre som sjølv ynskjer det kan bu heime så lenge det er mogeleg.
- Å leggja til rette for senior -og omsorg + bustadar i bygg på Baldersheim og andre tilgjengelege lokasjonar
- Ei god psykiatriteneste
- Gode tenester innanfor rusomsorga
- Eit godt, imøtekommande og ope barnevern
- Å oppretthalda og utvikla tilbodet til menneske med psykisk og fysisk funksjonsnedsetting
- Vidareføre gode møteplassar for eldre bl.a. gjennom frivilligsentralane, kyrkja og frivillige organisasjonar.
- Støtta arbeidet med å setja ut benker langs ulike turveggar i kommunen

## **UNG I BJØRNAFJORDEN**

Ungdommen er framtida vår og det er viktig at unge trivst og vil bu i kommunen vår. Senterpartiet er opptatt av kva ungdommen meinar. Ungdomsrådet og deira handlingsplan er her ei viktig stemme å lytte til.

Senterpartiet vil arbeide for å:

- Auka tal på kommunale lærlingplassar
- Støtta gode initiativ som kjem frå ungdomsrådet
- Styrkja tverrfaglege lågterskel tilbod for ungdom
- satsa på førebyggjande arbeid
- Støtte tiltak for å få ungdom ut i arbeidslivet
- Arbeida for ei fleksibel transportløysing slik at ungdom frå heile kommunen kan delta på ulike arrangement og aktivitetar
- Gratis fritidskort for born og unge
- Støtta gode møteplasser for born og unge, i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- sikra omsynet til universell utforming og barn og unge sine interesser i bustad- og arealplanlegginga



## **KULTUR, IDRETT OG FRITID**

Eit aktivt kulturliv og allsidig idrettstilbod skapar trivsel, samhald, identitet og bidrar til levande bygder.

Det lokale engasjementet og den frivillige innsatsen står for mykje av aktiviteten og er med på å skapa gode opplevingar og tilbod i heile Bjørnafjorden.

Senterpartiet vil arbeide for:

- Gje stønad til gode kultur- og idrettsarenaer
- Fleire elevplassar i kulturskulen
- Gje støtte til fritids skular, aktivitetar og idrett som gir eit allsidig tilbud til barn og unge
- Innføra alternative valgfagstilbod i ungdomskulen som td E-sport
- Ferdigstille kulturminneplanen i valperioden
- Satse på frivilligsentralane, vidareutvikla BUA og samarbeide med frivillige lag og organisasjonar
- Opprette den «kulturelle skulesekken» med lokal kultur og historie frå heile kommunen vår, i samspel med frivillige organisasjonar , kyrkja og skulane våre
- Invitera og støtta lokale lag og organisasjonar for å få til gode nærmiljøtiltak
- Kommunen tek ansvar for tilrettelegging av grøntområder og tilgjenge for ålmenta

## **KYRKJE OG LIVSSYN**

Vi ynskjer eit livssynsøpe samfunn. Trus- og livssynsfridom er ein grunnleggande rett og ein viktig dimensjon i mange menneske sine liv.

Dette skal understøttast av ein politikk som varetar ulike trus- og livssynssamfunn sine moglegheiter til å utøva trua si. I tillegg til å vera eit trussamfunn er Den norske kyrkja òg ein viktig tradisjons- og kulturberar for lokalsamfunn i heile landet.

Kyrkjene i Bjørnafjorden er til liks med skulane viktige lokale møteplassar i alle livets situasjonar.

Senterpartiet vil arbeide for å :

- Sikra Den norske kyrkja føreseielege økonomiske rammevilkår som varetar lokalt nærvær
- Oppretthalda vedlikehaldet og tenestetilbod i alle kyrkjene
- Styrkja/videreutvikla samarbeidet mellom kommunen, kyrkja og frivillige organisasjonar
- Sikra at alle trus- og livssynssamfunn vert behandla på linje med den Norske kyrkja økonomisk.
- Arbeide for tilstrekkeleg tilgang på gravplassar



## **AREAL- OG SAMFUNNSPLANLEGGING**

Bjørnafjorden Senterparti vil arbeida for ei balansert og berekraftig utvikling i heile kommunen.

Vi ønskjer spesielt å leggja til rette for vekst i talet på innbyggjarar i gamle Fusa. Her er det minst press på areala. I gamle Os, er arealplanen nyleg vedtatt og ein har tilstrekkeleg tilgjengeleg bustadareal.

Bjørnafjorden Senterpartiet vil vera både tilgjengeleg, lyttande og handlingsdyktig i styringa av kommunen.

Den viktigaste staden i livet vårt, er der vi bur. Vi meiner alle skal ha ein trygg og god bu situasjon.

Bjørnafjorden Senterparti vil arbeide for:

- Starta opp -og ferdigstill nye kommunedelplanar på Fusa-sida, der bustadtomtar/ bustadareal i alle bygder vert prioritert
- At det skal opnast for spreidd bustadbygging i mindre bygder for å oppretthalda busetnaden
- Ferdigstille områdeplanen for Strandvik og områdeplanen for Os sentrum.
- Vidareutvikla lokalsenteret Eikelandssosen i tråd med områdeplanen (bustad, næring, aktivitet)
- Bevara grøntområda på -og rundt golfbanen, og setta byggegrense ved Osmarka.
- At innbyggjarane skal involverast i utvikling av alle viktige plandokument
- Gjera det enkelt å medverka både i areal- og samfunnsplanlegging – digitalt og fysisk, gjennom innbyggjardialog og samskaping
- At kommunen aktivt bidreg til at flest mogleg skal få høve til å eiga eigen bustad, td gjennom «leige til eige»
- Vidareføring av differensiert strandsonepolitikk med tilgang til sjø for alle
- vidareføra arbeidet med rask og god byggesakshandsaming
- revidera trafikksikringsplanen for Bjørnafjorden kommune
- at kommunen skal føra arealrekneskap og forvalta naturressursane våre på ein slik måte at vi tar omsyn både til naturen si toleevne og innbyggjarane sine behov
- at Bjørnafjorden kommune skal nå sin del av det nasjonale jordvernmålet
- bevara matjorda der ho ligg. Dersom det er naudsynt å fjerna den må ein ha gode avbøtande tiltak så jordressursar vert tatt vare på slik at ein sikrar jordkvaliteten og grunnlaget for matproduksjon.
- Grøntområde på «Essotomta»



## **NÆRINGSLIV**

Bjørnafjorden skal vera ein attraktiv kommune for bedrifter og gründera som ynskjer å etablere seg. Då må kommunen ha ein positiv og aktiv haldning til næringslivet. Me ynskjer fleire lokale arbeidsplassar, samtidig som me legg til rette for allereie etablert næringsliv.

Senterpartiet vil arbeide for å:

- Sikra lokale arbeidsplassar og aktivitet i kommunesentra og bygdene
- Gode rammevilkår for næringslivet
- Tilgang på variert næringsareal i heile kommunen
- Videre realisering/utvikling av Samnøy næringsområde og Lyseparken
- At plan- og byggesaker knytt til næringsetableringar skal prioriterast framfor andre saker
- Opprettholde næringsfond for å kunne støtta gode tiltak.
- Tilsetja næringssjef for å få god samhandling mellom kommune og næringsliv
- Legga til rette for aktiv skogsdrift

## **MATPRODUKSJON**

Senterpartiet vil auke den lokale matproduksjonen i Bjørnafjorden.

Eit aktivt landbruk med ulike produksjonar, vil gje eit ope kulturlandskap og trygg kortreist mat til våre innbyggjarar.

Vi ynskjer levande landbruk med god sysselsetting, bulyst, lokalmat og bruk av kulturlandskapet.

Senterpartiet vil arbeida for:

- Eit sterkt vern av jordbruksarealet og aktiv bruk av matjorda.
- Å få på plass landbruksplanen for Bjørnafjorden kommune
- Arbeida for tiltak i gås- og hjorteforvaltninga som reduserer avlingsskade
- At buffersona på 20 meter skal leggst på anna areal enn landbruksareal
- Støtta opp om «inn på tunet», lokal matkultur og gardsturisme
- Auka samarbeid mellom landbrukskontoret, næringa og landbrukets organisasjonar for å styrkja eit framtidsretta landbruk i kommunen.
- Å oppretta eit tilretteleggingsprosjekt i kommunen mtp kravet om lausdriftsfjøs frå 2034.
- Ei miljøvennleg og berekraftig oppdrettsnæring
- Å sikra driftstilskot til veterinærar som deltek i vaktordninga for produksjonsdyr kveld og helg



## **SAMFERDSEL OG INFRASTUKTUR**

Å knyta kommunen og folket saman, slik at tenestene kan vera like og moglegheita for drift og utvikling er sams i heile kommunen vil vera ei hovedsak for oss i Senterpartiet. God infrastruktur er avgjerande for den enkelte innbyggjar og positiv utvikling av kommunen.

Veg, fiber og 5 G nær folk!

For oss er det soleis svært viktig å halde fram arbeidet for å få realisert Hordalandsdiagonalen og ferjefri E39. Ein Indre trasè via Eikelandsosen vil utvikla heile kommunen og regionen.

Senterpartiet vil arbeide for:

- Gode båttruter som kan binda heile kommunene saman
- Betre busstilbod slik at fleire kan reisa kollektivt
- Å prioritera økonomiske ressurser til tiltak i trafikksikringsplan
- Pendlarparkering fleire stader i kommunen.
- Gul stripe og sykkelveg fra Eikelandsosen til Osøyro
- Ferjefritt samband i kommunen
- Mobildekning og fiber til heile kommunen
- Tunnel Sævareid Eikelandsosen
- Ruta Rosendal-Flesland må få ringestopp på Nordtveit
- Felles kollektivsone i heile kommunen
- Ferdigstille planarbeidet for parkering i fjell på Osøyro
- Utbetring og oppgradering av kommunale vegar, økt akseltrykk
- At fylkeskommunen utbetrar fylkesvegane i Bjørnafjorden



## **KLIMA OG MILJØ**

Senterpartiet vil ha ei utvikling i Bjørnafjorden kommune med redusert forbruk og auka fokus på gjenbruk og bytteordningar. Framover må vekst vera basert på å forvalta betre, framfor å bruka meir.

Bjørnafjorden senterparti vil prioritere oppdaterte mål, strategiar og tiltak i kommunedelplan for klima, energi og miljø.

Bjørnafjorden Senterpartiet vil arbeide for:

- At vi nyttar el- og hybridbilar i kommunal drift.
- Leggja til rette for småskala sol-, vind- og vasskraft, samt vurdere alternative energikjelder
- Vektleggja biologisk mangfald og landskapsverdiar i samfunnsplanlegginga
- Kommunen skal sikre samanhengande grøntområde til rekreasjon og dyreliv for framtidige generasjonar
- Støtte tiltak som stimulerer miljøengasjementet blant barn og unge
- Betre kjelde-sortering, gjenbruk og gjenvinning
- Kommunale bygg og anlegg skal være miljøsertifiserte innan 2030
- Ta vare på dyrka og dyrkbar jord og bruka den på ein berekraftig måte, i samråd med landbruksnæringa
- Arbeida med å få Bjørnafjorden kommune sertifisert som «Miljøfyrtårn»
- Styrkja arbeidet mot marin forsøppling og plastforurensing, og støtta gode tiltak for avfallshandtering
- kommunen skal vera pådrivar for klimaomstilling





<b>1</b>	<b>Terje Sperrevik</b>	<b>1962</b>	<b>Os</b>
<b>2</b>	<b>Dina Helen Lervåg</b>	<b>1976</b>	<b>Søre Neset</b>
<b>3</b>	<b>Hege Aase Tysnes</b>	<b>1977</b>	<b>Hålandsdalen</b>
4	Olav Botnevik	1958	Os
5	Sjur Skorpen Lepsøy	2000	Nore Neset
6	Gitle Berland	1974	Hålandsdalen
7	Hege Elisabeth Hafsaas	1966	Nore Neset
8	Tone Marit Eliassen Lemicka	1963	Os
9	Lars Ivar Søvik	1976	Lysekloster
10	Morten Vinsjansen	1988	Fusa
11	Kristina Osebakken	1991	Strandvik
12	Andreas Hagevik	1981	Nore Neset
13	Jorunn Kårvatn	1972	Os
14	Bjarte Helle	1971	Søre Neset
15	Agnes Cecilie Aase Tysnes	2001	Os
16	Hans Marius Eide	1991	Os
17	Loren F Ditmarsen-Radecka	1989	Sævareid
18	Birte Herland Vevatne	1992	Os
19	Hans Martin Leikvoll Eide	1989	Hålandsdalen
20	Henrik Tandstad Tronerud	1984	Søre Neset
21	Kjell Eivind Havsgård	1962	Eikelandsosen
22	Nils Ole Lekven	1964	Søre Neset
23	Hanne Tuft	1977	Strandvik
24	Susann Åsgard	1984	Lysekloster
25	Harald Eide	1954	Hegglandsdalen
26	Jostein Gaassand	1956	Søfteland
27	Atle Vernøy	1948	Lepsøy
28	Laila Beate Stabell	1948	Fusa
29	Jørgen Frønsdal	1950	Lysekloster
30	Nils Brynjulf Bøe	1958	Os
31	Daniel Aase Tysnes	1998	Hålandsdalen
32	Jan Birger Landøy	1953	Strandvik
33	Magne Olav Drange	1960	Lysekloster
34	Rune Lekven	1964	Nore Neset
35	Einar Vevatne	1948	Os
36	Helge Andersen	1977	Os
37	Harald Lekven	1957	Nore Neset
38	Even Agnar Revne	1952	Baldersheim
39	Liv Sissel Kvalvåg	1946	Lepsøy
40	Jan Harald Gaassand	1937	Søfteland